



Arne Terje Haugland tok laksen på 6,3 kg med mark og klepp. (foto: uskedalen.no)

Arne Terje Haugland hadde eit mål for fiskesesongen: Tre flotte laksar. På fredag tok han tre tertar, og ein laks som må vera års-beste! Dette lovar godt for resten av sesongen!

Då den siste vart tatt, trudde Haugland at snøret hadde satt seg fast. Laksen har det med å lure fiskaren med å stoppe opp. Men i neste augefall skulle det vise seg å vera ein skikkeleg rugg av dei store. Vekta vart funne fram så fort han var komen heim, og laksen vog heile 6,3 kg!
Den var nyss gått opp i elva, og bar lite lus. Det er verkeleg eit positivt teikn. Etter å ha fått knipsa eitpar bileter av både fisken og den lukkelege eigaren ca klokka 2230, var kommentaren: 'Nei, eg såg nokre fine aurar gåande oppi elva , så eg må avgarde...Hadet bra'
Skitt fiske til deg og dei andre elvevandrarane.



Laksen vog 6,3 og var heile 92 cm lang. Fin i fargen og lite lus. (foto: uskedalen.no)